



# ELDRIDÅSEN

FORSAND KOMMUNE

## FAKTA

**Lengde:** Omlag 1,5 time tur-retur.

**Passar for:** Familietur

**Parkering:** Om lag 100 meter frå grinda ved det innerste huset.

**Kartblad:** 1212 I: Høle

### **Verd å merka seg:**

Turen er bratt nokre stader, så det er viktig med godt fottøy. Grusvegen inn frå den gamle Jørpelandsvegen blir brukt av landbrukskjøretøy, så vis omsyn ved parkering.




Foto: Roy Mangersnes

## OM TUREN

Turen startar på grusvegen mellom Treskoodden og Nordland, langs den gamle riksvegen mellom Jørpeland og Oanes. Grusvegen går langs nokre flotte hagar som ligg fint til i eikeskogen. Ved det innerste huset må ein gå gjennom ei grind og inn på kjerreveg vidare. Hugs å lukke grinda!

Kjerrevegen held fram inn til Gåsavatnet, men allereide på toppen av bakken, når ein har Vardatoppen på høgre side, må ein over på stien som går til venstre for veggen og inn i eit plantefelt.

Etter 100 meter sluttar plantefeltet og ein går inn i ein flott blandingskog med eik, bjørk og furu. Stien går på kryss og tvers opp den bratte åssida, men er lett å følgja.

Utsikten frå toppen av Eldridåsen er flott og verd nokre dråpar med svette. Herifrå kan ein sjå over Høgsfjorden, mot Stavanger og til Jørpeland. Hugs å skriva namnet i besøksboka.

### Historie og natur

Områda rundt Meling er spesielt rike på minne frå den tida då småbruk dominerte jordbruket i distriktet. Fleire gamle gardar står enno i fin stand fleire stader langs den gamle riksvegen.

Frå Eldridåsen kan ein i tillegg til å sjå over fjorden, sjå mot aust og opp i Gitlandsåsen barskogreservat. Dette er eit flott naturreservat som har høg pedagogisk verdi. Området har ein av dei flottaste kystfuruskogane i fylket, og mange slags dyr og fuglar lever her.

Hjort og rådyr trivst i den tette skogen som gir både mat og skjul for dyra. I tillegg beitar både orrfugl og storfugl i liene nær Eldridåsen. Med ein så god tilgang på byttedyr, trivst og rovfuglar i dette barskogområdet.



